# DET SKJER

**Arrangementa er henta frå kalenderen på fjordaglimt.no**

- Frå denne kalenderen vert aktuelle arrangement redigerte inn på «Det skjer»-sida i Firda.
- Fristar for papirutgåva er kl 15.00 to dagar før (til måndagsavisa fredag kl 08.00)
- Har du eit arrangement registrer det på **fjordaglimt.no** eller **firda.origo.no**

**Les meir** om arrangementet på fjordaglimt.no

## LAURDAG

### BREMANGER

■ **17:00 Kino:** «The Twilight saga-Eclipse», Bremanger Kino

### FJALER

■ **12:00 Kulturscene Fjaler. Kongespel. Bruktbokhandel. Ettersyn på reguleringar. Dale. Kulturscene Fjaler.** Kongespel. Kubbespel. Det gamle vikingspelet som du kan spele i din eigen hage. Rolf Kleiven viser og forklarer. Spel med lag eller åleine. Spelet går ut på å skyte ned motstandars kubbar slik at desse velter. Når alle er slått, kan du kaste på «Kongen» og vinne spelet! Bruktbokhandel. Ta med brukte bøker. Du betalar med to-tre og får ei. (CD? DVD? Blad?) Planar til ettersyn. Sjå kart og utgreiing om Steinlager i Skadalen, Utleigehytter og marina i Kvamen, mellom Sætenes og Strandenes, motorsportsenter i Nautsunddalen og Hytter i Folkestad. Fjaler kommune. Musikk.Meir? Kven veit? Har du program, så er det berre å komme.

■ **16:00 Historie, kåseri, musikk, marknad. Olsokfeiring, Korssund.** Laurdag vert det Olsokfeiring i Korssundet. Tradisjon. Kl. 16.00 Utstillingar og marknad. Quilting, strikk, trearbeid, pelssau. Kl. 17.00 Program: Håkon Haukøy er kåsør. Jarle Milde – Musikk. Egil Furnes – Musikk. Du kan danse, sjølvsagt. Historier og moroti-me. Open kafé. Grillining. Alle velkomne!

### FØRDE

■ **21:00 Trubadur Marius Larsen, Treskeværket (Rica Sunnfjord Hotell).** Trubadur Marius Larsen frå Bergen, er ein musikar med lang fartstid i bransjen.

### GAULAR

■ **09:00 «Vill vest i ViksValley» – kurs, Fosseheimen Naturpark.** Arnt-Jonny Alme (Kassai School of Norway) holder kurs i langbogeskyting frå hesterygg. 20 personar er maks deltakarar på kurset; «første mann til mølla» prinsippet gjelder. Ønskjer du å delta på arrangementet vi skal ha på søndag, er det moglegheit for overnatting i stor lavvo.

## SØNDAG

### BREMANGER

■ **20:00 Kino:** «The Twilight saga-Eclipse», Bremanger Kino

### FJALER

■ **15:00 Friluftsgudsteneste ved steinkrossen, Korssundkrossen.** Tradisjonen tru vil det også i sommar vere friluftsgudsteneste ved steinkrossen i Korssund – søndag 1. august kl. 15.00. Ta med sitjeunderlag. Samlingar ute i naturen gir ei god oppleving, men om vêret blir for ille, blir gudstenesta flytta til Folkestad bedehuskapell. Inviter gjerne nokon med og fyll opp bilen eller båten. Etter gudstenesta må du gjerne nyte medbrakt mat, eller kjøpe det du treng på kafeen. Det pleiar å vere ei kjekk oppleving for store og små.

### FLORA

■ **16:00 Høgmesse med dåp,** Eikefjord kyrkje, ved Knut Magne Nesse.

■ **18:30 Kino:** «She's Out of My League», Florø Kino

### FØRDE

■ **09:45 Ungdomstur til Halbrendsnipa, Firda Billag.** Har du lite å gjere på i sommarferien? Då kan du bli med ungdomsgruppa i turlaget på tur til Halbrendsnipa søndag 1. august. Vi reiser med buss frå Firda Billag kl. 09.45, og går frå Reset ca kl. 10. Bli med på tur!

■ **19:30 Møte, Førde bedehus.** Henry Nygård og ei Sangguppe frå Naustdal blir med. Alle Velkomne.

### GAULAR

■ **11:00 Show og fylkesmeisterskap i rodeo, Fosseheimen Naturpark.** På andre dag av «Vill vest i ViksValley» har vi show og konkurransser. Billettsalet starter kl. 10.00 og deretter går det slag i slag. Det er matserveringen frå kl. 12.00 og utover ettermiddagen ved Eldalstunet. Meny: Rodeo-oksegryte, kaker og forfriskninger. Program: Kl. 10.00 – kl. 11.00 Sal av billettar. Kl. 11.00 – kl. 12.00 Show med Arnt-Jonny Alme og hestane hans Kl. 12.00 – kl. 18.00 Fylkesmesterskap i rodeo (mekanisk okse) Kl. 12.00 – kl. 14.00 Trening på «oksen». Pris kr 50,- pr deltakar/økt Kl. 14.00 – kl. 16.00 Konkurranse i tre aldersklasser: Gut/jente 10-16, damer 16-100, herrar 16–100. Pris pr deltakar kr 150,-. Kl. 16.00 – kl. 17.00 Pause Kl. 17.00 – kl. 18.00 Kåring av fylkesmeister i rodeo i kvar klasse. Bestemannspremie uansett klasse. Arnt-Jonny Alme har nåværende rekord på 1 minutt og 30 sekund. Påmelding til rodeo på søndag 01.08.10 på staden, på søndag. Arrangementet er eit samarbeid mellom: Kassai School of Norway Arnt-Jonny Alme, Lunde Turiststasjon, Eldalstunet og Fosseheimen Naturpark.

### HYLLESTAD

■ **12:00 Olsokmesse i Skor, Hyllestad.** Det vert friluftsgudsteneste ved dei gamle kvernhusa i Skor. Ola Agnar Helland har gudsteneste og Skor grendelag står for matservering. Ta gjerne ein tur og sjå på restaurerte kvernhus og saghus før og etter gudstenesta. Dersom det blir dårleg vêr vert gudstenesta halde i grendehuset. Vel møtt til olsokmesse i ei lokal historisk ramme.

### HØYANGER

■ **12:00 Friluftsgudstjeneste på Vadheimstølen.** Vadheim sanitetsforening tek med kaffi og kake. Vadheim musikklag står for musikken i samarbeid med organist. Alt dette skjer på Kåre Skår si hytte. Alle er velkomne. Soknerådet i Vadheim/Kyrkjebø.



American La France 1920.

# Fjordsteam

**Fredag vert tur-dagen under Fjordsteam, den store Fjordabåtsamlinga i Florø frå 5. til 8. august.**

Publikum kan velge mellom 7 forkjellige turar i Flora-skjergarden, og her er alt frå Lefsebakekurs på Askrova til foredrag om skipsforlis i Batalden og tur innom helleristningane i Høydalen. Gredndalaga tar i mot, og viser fram «si» bygd. Prisane er ikkje avskrekkande, ein familie betalar 250,- for ein heildags båttur, med avgang klokka 1200 og retur klokka 1700.

Sjølv om det er turdag vil det skje ting også i sentrum av Florø. Nærare 40 fartøy vil framleis bli å finne langs kaiene, og venteleg er gjestehamna full.



Nøkk.

Alle barn likar brannbilar, og denne dagen får dei høve til å sitte på med ekte «Donald Duck» brannbilar på ei runde i sentrum. 30 brannfolk frå Bergen Brannhistoriske Forening stiller med mellom anna ein 1921 modell American La France og ein 1922 modell De La Haye stigebil. Er vi heldige vil Politiet bemanne sin veterane PV-Poltibil. På plassen framfor Amfi vil det bli etablert ein veteranbussstasjon.

Laurdagen vert det brannbilparade mellom kanskje 200 veteranbilar i Strandgata. Seinare på dagen vert det «utrykning» til eit «brennande» rådhus for fulle sirener. Samstundes vil den gamle brannspøyte BS «Nøkk» frå Stavanger vise vasskanonane sine på Florevika.

## MÅNDAG

### GLOPPEN

■ **20:00 Spinning 1, Byrkjelo Stadion.** topp fbSpinning 1 time.

### HYLLESTAD

■ **19:00 Ringtrening/valpetrening/hverdagslydighet, Tonning.**

### JØLSTER

■ **19:00 Tur i Svidalen, Svidalsøyra, Jølster.** Måndag kveld inviterer bygdekvinnelaga i Jølster til tur på den Trondhjemske Postveg i Svidalen. Frammøte og parkering ved Svidalsøyra klokka 19:00. Vel møtt på tur.

### NAUSTDAL

■ **10:30 Måndagstreff, Kyrkjelydshuset i Naustdal.** Treff for alle som er ledige på dagtid måndagar. Kafé med smørbrød og vaflar.

## TYSDAG

### FØRDE

■ **18:00 Skyting, trening for jakt, Kråkenesmarka skytebane.** Det er og høve til å avlegge storviltprøva.

### NAUSTDAL

■ **18:00 Gå-/joggegruppe, Kommunehuset i Naustdal.** Frå ungdomsskulealder og oppover, uansett form.

## ANDRE

### ASKVOLL

■ **Krabbefestivalen 2010.** Fredag 30. juli kl. 17:00 til søndag 1. august 16:00, Herland på Atløy.

### FLORØ

■ **Vardekurs: Er du glad i å gå i fjellet og ikkje redd for å ta i eit tak?** Har du lyst til å bidra til at Flora Turlag sitt rutenett vert halde ved like? Helga 30. juli til 1. august 2010 vert det kurs i å byggje vardar. No har du sjansen til å vere med på kurs i å byggje vardar. Edit Nystein har lang erfaring med varding og dugnadsarbeid i DNT Oslo og omegn. Ho kjem for å halde kurset for oss fredag 30. juli til søndag 1. august. Fredag kveld vert det ei teori økt i Florø. Laurdag reiser vi til Hope i Hyen og går til Gjegnabu og overnattar til søndag. På veg til og frå hytta vert det praktisk arbeid og varding. Vi kjem til bake med meir detaljert program.

**SJÅ** fleire arrangement og utfyllande informasjon på **http://www.fjordaglimt.no.** Har du arrangement du vil gjere kjent, sjå toppen på sida!